

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne:

Skar

Oppskr. av:

Hans Skeidvoll

(adresse):

Tresfjord

Fylke:

Møre og Romsdal

Herad:

Tresfjord

Bygdelag:

Tresfjordbygda

Gard:

Skeidvoll

G.nr.

16

Br.nr.

3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter mennet.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kåmann  
80 år.

## SVAR

1. Nei.
2. Nei, men markafør er eit brukt ord om høy grå slåtteieigar der det veks skog. Sjeine er samnamn på høy grå "fjellslettå". Småhøy er samnamn for alt høy som er som ~~er~~ vokse på udyrka jord. Frå dyrka jord er langhøy.
3. Ja skava, skjes, skov, skave.
4. Ja i gammal tid var skar mykje brukt heile vinteren som fôrætking, men det hev minke sterkt etter kvart ardi det krev mykje arbeid - so no er det vel helst slikt dei triv til i vårkenipa.
5. Bæin var halde for best og var mest nytta. Ospe var òg god krykke i maten, men må nyttast lite til mjølkekyr, like eins hegg. Selje, alm og lind er lite av hes. Ore og bartre skov me til vanleg ikkje.
6. Skar er samnamn på alle treslag med eteleg bork på.
7. Nei, men hev høyrt at "seljerinn er vommavinn".

8. Ja alle krøter forutan hesten et skar. Borken  
 gav dei både åleine og saman med høg. Bork og laur  
 av ore er det fæ krøter som et. Derimot gnaga gjetti  
 og sauen ore for langseme inne i fjosen.  
 (Litt æuspabork til alle ungdyr. For å få ungøypjer-  
 ne reine for innvollsormar tørka og mol dei æuspa-  
 bork og knoa mjølet i grønemme og gav dei.)
9. Ja det var vanleg røynsle at mjølki og døgda (mjølke-  
 feittet) voks - serleg av rognebork. Men so må me hūkse  
 på at dei ha til vanleg berre småhøy og halm til foring  
 - og då var nok noko frå skogen godt attit. Mykje  
 æusp gav usmak både på mjølke og smør.
10. Ja det var sant san. Det skal ikkje lite til at  
 ein hūskape skal det mone noko. All rogn dei  
 fekk heim vart smia. Dertil var det ofta i uføre  
 om varen at dei reiste til skogs og skov fülle  
 sekkjes med bork og let skarveden liggje att.
11. Køyre heim skar.
12. Skar. Skarved er nemningi på same veden sidan  
 det ikkje er bork på han.
13. Ukjend.
14. Dei lite antenksame hūksa gjerne ikkje på skarvet  
 for vārknipa var korni og laut då til skogs kor  
 foret var - og i slike tilhøve kunne det verta noko  
 uvanele skogsarbeid. Arbeid med skar lagfredag  
 hev eg ikkje høyrte om.
15. Opphogd småved bar dei alltid inn i stova og skov om

kneldane. Ofta forkaldt og å vera ute med slikt arbeid. Strangar og stakkar var sein ute med bandkniv.

16. Til å gå borken av småveden bruktest anten tollekniv (skivekniv) eller sjavle.

17. Trær ikkje her hev vore serleg ordning soleis. Sagborken eller noko liknande var brukt til å leggja besved og anna slikt oppi.

18. Veit ikkje av slik "remeli".

19. Når dei stjer småved, sit dei på ein stol eller knakti, brukar kniven eller "sjavle" med høgre handi (om ein ikkje er århendt då) og kjeppen i den hi, held kjeppen roleg, berre smør etter kvart ein stjer sponar. B brukar ein stjevle er det best å halda kjeppen opp ned, mot læret.

20. Skar. Skarved når borken er av.

21. Beirat fram bork.

22. Alle dimensjoner små små kjeppar til grove stokkar. Quspastokkar med tjukke kart på må ein fyrst gå kartan av med ei øks for ein brukar bandkniven. Når ein brukar sjavle er det godt om kjepparne er noko lenger en brennved.

fr. 20. nr.

23. "Skarvikjappa". Men hev også ordet komin og kubb for slikt som er so grovt at det er kappa med sag.

24. Di tygnare borken er di etelegare er han - og litt av treet tok dei vanleg. Det er stor skilnad på handelag i slikt arbeid som anna.

25. Det var god bakstevad med di han brann godt  
og so vart det lite røyk.

26. No er det ytterst lite skaving. Det her minke  
utettes ari litt om seinn til det no kann seiast a  
vera slutt - stort sett.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1726